

## **ROLLEGALLERI**

### **SYNNØVE**

Gardkjerring på Åsebøstøl, 30 år gamal, gift med Hallstein, dei har tre barn. Dei har eit strevsamt, men trygt og godt liv. Synnøve har ei berande rolle. Ho er eit kjenslevert pliktmenneske med sterke røter i heimstaden og naturen kring seg.

### **OTTE**

Synnøves far, bonden på Haldorbruket i Leivdalen. Uvanleg sterk og tiltaksam; driv med lastejekter og sagbruk i tillegg til gardsdrifta. Bryt mykje nytt land.

### **HALLSTEIN**

Bonden på Åsebøstøl, gift med Synnøve. Han har eit nært samarbeid med svigerfaren Otte. Modig, han stiller opp for Synnøve.

### **SKALDEN**

Personifisert kjønnsnøytral tidsånd, ein fuling med kløkt og list. I AKT 1 summerer **hen** opp hendingane på slutten av kvar scene. I AKT 2 bryter **hen** gamle vaner og beveger seg friare. I epilogen tek **hen** initiativet og forløyser samanhengen fortid/ notid med timeglaset.

### **BARNEROLLE**

I epilogen kjem inn ei notids jente med namnet Synnøve. I starten nemnast Synnøves dotter Dorthe. Skrive inn ei barnerolle?

### **STØTTEROLLAR**

Små rollar med få replikkar. Dei kan ha ulike oppgåver med raske skift av kostyme.

### **DANSARAR OG SONGARAR i finalen.**